



I programmet Helt naturlig fekk vi eit møte med Anna Ingeborg og Håkon Bjørnebøle på fjellgarden Bjørnebøle.

I beste sendetid på NRK 1 i går fekk vi eit møte med Anna Ingeborg og Håkon Bjørnebøle på fjellgarden Bjørnebøle. Med kraftutbygging på 1950 talet vart tunet flytta til plassen Øykjaholo der det står i dag. Anna Ingeborg og Håkon har restaurert husa med alt utstyr som høyrer til. I programmet fortalde mellom anna Håkon om hendinga på Jamtaland ei jula midt i 1790 åra, då ekteparet gjekk gjennom isen, drukna og tre born sat åleine heime i stova.

Naturfotografen Jan Grønseth er produsenten og står bak programserien Helt naturlig. Kontaktpersonen hans i Kvinnherad er Hans Ølver Sandvik. Filminga på Bjørnebøle vart gjort i august 2018, på same tid som opptaket på Skorpo vart gjort. Filminga frå Blådalen med Folgefonna vart gjort nokre år tidlegare.

Programmet i går hadde mellom anna med informasjon om SKL si kraftutbygging, vegane i fjellet, jakt, sauer på fjellbeite, sauesamling, tursime og breføring.



Håkon Bjørnebøle saman med Hans Ølver Sandvik fortel saga om den tragiske ulukka i fjellet midt på 1790 talet då tre born sat foreldreause att ei jula etter at foreldra gjekk gjennom isen og omkom.

Jan Grønseth fortel til Uskedalen.no at episode 1 hadde eit sjåartal på 308.000. Det er eit høgt tal til å vera på denne tida av året. Folk ser generelt mindre på TV på våren med lysare kveldar og meir arbeid ute. I tillegg kjem alle som ser programmet på nettet og ved reprise.

Anna Ingeborg og Håkon Bjørnebøle åtte og dreiv gard på Dønhaug i mange år. Sonen Erlend Bjørnebøle bur på Danhaug og driv bruket i dag. I programmet fekk alle eit godt inntrykk av det store arbeidet ekteparet har lagt ned for å ta vare på ein unik fjellgard i Kvinnherad.

Bileta her er henta frå NRK programmet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Målet med naturserien Helt naturlig er m.a. å motivere born og unge til å bruka og bli glad i naturen. Her er Jorunn og Stein i aktivitet inst i Blådalen med Folgefonna i bakgrunnen.